


VINDAFJORDBRUKET



MELDINGSBLAD FOR LANDBRUKSNÆRINGA I VINDAFJORD

Nr. 1

februar/mars

2021

BESØK PÅ TEKNISK BYGG – LITT PRAKTISK INFO.

På grunn av pandemien, vert alle som kan, oppmoda til heimekontor. Me veit lite frå veke til veke, men ser at heimekontor framleis er gjeldande framover ei tid. Ta ein tlf. i forkant for å avtale møte, så er du sikker på å treffe rett person, og slepp å køyre bomtur. Mykje kan også løysast pr. tlf. eller e-post, der er me å treffa som vanleg

INNSAMLING AV LANDBRUKSPLAST

Innsamling skjer i mai i veke 18. Sjå annonse i Grannar. Levering må skje tett opp til annonsert dato, slik at ein unngår plast på avvegar. Det er viktig at plasten er rein for jord, streng, stein, netting og liknande. I 2020 vart det samla inn 120 tonn plast i Vindafjord.

AVLØYSING FERIE- OG FRITID / AVLØYSING UNDER SJUKDOM – GODKJENT DOKUMENTASJON

Eksempel på godkjent dokumentasjon for avløysarutgifter er til dømes;

- årsoppgåve frå avløysarlaget
- a-melding frå altinn
- bankbilag og faktura

Døme på godkjend arbeidshjelp:

- stell av dyr
- saueklipping
- kluvskjering
- gjerdehald
- jordanbeiding
- snekkerarbeid (gardsdrifta)
- rundballepressing

Døme arbeidshjelp som ikke kan godkjennast:

- dyrlege
- drektighetskontroll
- rekneskapsførar
- utgifter til elektrikar
- mekanikar

Det er kun lønsutgifter til personen som utfører arbeidet som blir dekka, så fakturaen må spesifisere kor mange timer som er gått med og kor mykje av rekninga som er lønsutgifter.

Ta kontakt med Sissel Lilleland eller Anne Karin Langeland dersom du er i tvil.

AVLØYSARTILSKOT VED SJUKDOM – HUGS Å BE OM SJUKEMELDING PÅ PAPIR

Det viser seg å vere vanskelig å få dokumentert sjukemelding, dersom du kun har fått den elektronisk. Så dersom du blir sjukmeld og skal søkje om tilskot, så må du hugse å be legen om ein papirversjon av sjukemeldinga.




AVLØYSARTILSKOT VED SJUKDOM OG FØDSEL – IKKJE LENGER KRAV TIL POSITIV NÆRINGSINNTEKT

Frå 1. januar 2019 er det ikkje lenger eit krav at brukaren har positiv næringsinntekt for å motta avløysartilskot ved sjukdom eller svangerskap. NB! Ektefelle / sambuar må framleis ha positiv næringsinntekt på ½ G for å kunne søkje tilskot.

Ta kontakt med Sissel Lilleland for nærmere informasjon.

PRODUKSJONSTILSKOT DEL 1 - HUGS SØKNADSFRIST 15. MARS

Teljedatoen er 1. mars, og frå den dagen er det mogleg å legge inn søknaden. Det er lurt å sende inn søknaden i god tid innan fristen. Når du har sendt inn søknaden er **det viktig at du hugsar å siekke kvitteringa di i Altinn**, ta alltid kontakt dersom du er i tvil om noko.



HUGS Å OPPDATERE HUSDYRREGISTERET!

VÅRSPREIING AV HUSDYRGJØDSEL

Framleis er jorda vassmetta og mange stader er det ennå tele. Blir det køyrd ut husdyrgjødsel under slike forhold er det stor fare for avrenning og forureining av nærliggande vassdrag.

Sjølv om datoен 15. februar (sett i forskrift om organisk gjødsel) er passert, er det enno ikkje tilrådeleg å gjødsle.

Bruk av slepeslangar ved gjødslinga gir mindre marktrykk og mindre fare for jordpakkning, men jorda må vere i stand til å infiltrere husdyrgjødsela ho blir tilført.

Difor er det viktig å unngå spreiling på vassmetta jord.

I 2020 var det fleire episodar der husdyrgjødsla gjorde ugagn i vassdraga. Vi håper vi unngår det i år.

BEVARINGSVERDIGE STORFERASAR – REGISTRERING I NIBIO

I Søknad om produksjonstilskot, del 2, kan dykk søkje om tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar. Det er i tilfelle eit vilkår at desse er registrert i kuregisteret ved norsk genressurssenter. Kuregisteret er ein slektskapsdatabase for alle dei bevaringsverdige norske storferasane; dølafe, sidet trønderfe og nordlandsfe, telemarkfe, vestlandsk fjordfe, vestlandsk raudkolle og østlandsk rødkolle.

For registrering av nye hendelser i Kuregisteret må du fylle ut eit skjema som du finn på nett;

<https://www.nibio.no/tjenester/kuregisteret> og sende inn til Norsk genressurssenter, kuregisteret@nibio.no.

Kyr og oksar som er tilskuddsberettiga må vere minst 7/8 rasereine og registrert i Kuregisteret seinast på teljedato

1. oktober. Kyrne skal ha kalva i løpet av dei siste 18 månadane og okse skal vere minst 12 månader. Meir om vilkåra finn dykk i «Rettleiar til søknad om produksjonstilskudd og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid»

NYDVRKINGSPLANAR?

Går du med planar om nydryking? Send inn søknadsskjema til: landbruk@vindafjord.kommune.no.

Skjema finn du på Landbruksdirektoratet sine sider. Det er jamm aktivitet gjennom året. 16-25 søknadar blir handsama kvart år. Grunneigar og leigetakar kan søka.


Nokre tar kontakt og spør om nydryking av myr. Nydryking av myr er ikkje tillat. Kvifor? Når myr blir dyrka, blir karbon- og nitrogenhaldig materiale brote gradvis ned og gir utslepp av klimagassane karbondioksid (CO₂) og lystgass (N₂O). Med myr meinast areal med myrvegetasjon og minst 30 cm tjukt torvlag. Forbodet mot nydryking av myr er fastsatt med bakgrunn i omsynet til klima, og tredde i kraft 01.06.2020.

Kommunen kan i særlege tilfelle gi dispensasjon til nydyrkning av myr
<https://lovdata.no/forskrift/2020-06-02-1115>.

Har du spørsmål, ta kontakt med Alf Ole Bull-Tornøe, tlf. 53656122 eller send mail til: alfbull@vindafjord.kommune.no

NYTT INNMARKSBEITE?

For at innmarksbeite skal kunna godkjennast må dette vera inngjerda og innehalda minst 50 % kulturbetegrasartar og beitetolande urter. Ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf: 53 65 61 38 for å avtale synfaring, godkjenning, endringar eller spørsmål, slik at arealet kan registrerast som innmarksbeite før søknadsomgangen i oktober.



INNMARKSBEITE SOM SPREIEAREAL

Dersom du ynskjer å nytta husdyrgjødsla på innmarksbeite, må dette søkjast om til kommunen.

Ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf: 53 65 61 38 for å avtale synfaring og få tilsendt skjema; «Søknad om godkjenning av beite som spreieareal.»

Etter at kommunen har godkjent innmarksbeite som spreieareal vil du få tilsendt vedtak og kart over godkjent areal. Det godkjente spreiearealet skal tas med i berekninga av gjødselplan.

Alt godkjent spreieareal er digitalisert og tilgjengelig på www.temakart-rogaland.no/spreieareal

MILJØAVTALE SKJOLDAFJORDEN

Det var i 2020 mogleg å inngå Miljøavtale gjennom RMP for dei føretaka som har

dyrka mark i nedslagsfeltet til Skjoldafjorden.

Det er framleis mogleg å bli med på avtalen om det er nokon som ønskjer det. Målet med Miljøavtalen er å redusere avrenning av næringstoffer til Skjoldafjorden, særleg fosfor. Vilkåra for å vere med i avtalen er at ein har balansert fosforgjødsling på dyrka mark, har ugjødsla randsone til vassdrag (bekker, elver, vatn) og ikkje spreier husdyrgjødsel etter 10. august på dei areala som er med i avtalen.

Alle landbruksføretak som driv i nedslagsfeltet til Skjoldafjorden i Vindafjord og Tysvær har moglegheit til å inngå Miljøavtale med kommunen. Avtalen gjeld for ein avgrensa periode, totalt seks år. Trinn 1 gjeld for perioden 2020-2022, mens trinn 2 gjeld perioden 2023-2025.

For å få tilskota, må miljøavtalen vere inngått før vekstsesongen og gjødslinga byrjar gjeldande år. Landbruksføretaket må følgje generelle vilkår for Produksjonstilskot og RMP, samt nokre tilleggspunkt for å ha rett på tilskot. Ta kontakt med Emilie Moi Eikje om du spørsmål eller ønskjer å bli med; emilie.moi.eikje@vindafjord.kommune.no, tlf 932 16 339

Vilkår:

- Balansert fosforgjødsling på bakgrunn av jordprøve og gjødselprøve
- Ugjødsla randsone (i tillegg til dagens krav om 2 meter)
 - o Åker: 6 meter brei
 - o Eng: 4 meter brei
- Siste spreiedato, på areal (fulldyrka/overflatedyrka) som inngår i Miljøavtalen, er 10. august.

Frå jordprøvane kan ein sjå kva fosforinnhold (P-AL) ein har på si dyrka mark. Ved gjødsling på jord med **P-AL > 7** skal fosforgjødslinga ikkje overstige følgjande nivå:

Kultur	Øvre grense for bruk av fosfor
Gras	3,0 kg. P/daa
Korn u/halmfjerning	1,4 kg. P/daa
Korn m/halmfjerning	2,0 kg. P/daa

Potet	3,5 kg. P/daa
Kål	2,1 kg. P/daa
Gulrot	3,5 kg. P/daa

- Ved **P-AL > 10** kan ikkje mineralgjødsel med fosfor nyttast for gras. Det kan heller ikkje nyttast slam eller kjøttbeinmjøl.
- Ved **P-AI < 7** kan føretaket gjødsle etter ordinær gjødslingsplan.

Tilskotssatsar Miljøavtale:

- **Ugjødsla randsone eng** (*minst 50 meter*): 7 kr pr løpemeter
- **Grasdekt sone åker**, (*minst 50 meter*): 30 kr pr løpemeter
- **Miljøavtale**, (*maks 50 000kr pr.føretak*)
 - trinn 1 (2020-2022)
60 kr pr. dekar
dyrka/overflatedyrka
 - ,
 - trinn2 (2023-2025)
50 kr pr. dekar
dyrka/overflatedyrka

KANVEGETASJON LANGS VASSDRAG

Det er glissent, eller manglande kantvegetasjon langs fleire elvar og bekkar i kommunen. Dette kan påverka livet i bekken eller elva negativt. Det er ønskjeleg at ein prøver å reetablera kantvegetasjonen der det er mogleg. I tillegg til å fungere som skjul for fisk, kan røtene frå kantvegetasjon vere med på å hindre utrasing av elvekant, og derfor redusera tap av jord. Eit godt etablert rotssystem, saman med eit tett grasdekke, kan vere med å auke opptak av næringssalt, slik at ein redusera avrenning til vassdraget. Nibio har funne ut at med meir enn 5 meters kantvegetasjon på dyrka mark, blir 75% av jordpartiklar, 63% av nitrogenet og 59% av fosforet fanga opp. Det kan gis tilskot gjennom SMIL til planting av kantvegetasjon langs vassdrag.

TILSKOTSORDNINGAR

Me ønskjer god tilstand i alle våre vassdrag, og det er fleire tilskotsmoglegheiter om ein har nokon prosjekter som kan gi positiv effekt i vassdraga. Det kan vere tiltak som betrar levevilkår for arter i elva, tiltak som redusera faren for utrasing av elvekant og næringssavrenning, eller tiltak for betre gjødselhandtering.

Døme på tiltak som kan få tilskot:

- Plante kantvegetasjon
 - Skjul for fisk, hindre avrenning og utrasing av elvekanter (tap av jord)
- Inngjerding av elvekant,
 - Avgrense tilgang for beitedyr enkelte stader langs vassdrag
 - Naturleg oppvekst av kantvegetasjon, hindrar at dyr trør opp kanten i vassdraget
- Hydrotekniske tiltak
 - Reinsedam eller reinsegrofører
 - samlar opp næringssalter og jordpartiklar før vidare ferd i vassdraget
- Utvida gjødsellagerkapasitet
 - Tak over eksisterande gjødsellager
 - Ny gjødselkum
- Ugjødsla randsone dyrka mark/åker
 - Setje av 4 eller 6 meter i ytterkant av enga der ein ikkje spreiar gjødsel
 - Redusera avrenning til vassdraget

Me er allereie i gong med nokre spanande prosjekt, men det er alltid rom for fleire! Har du eit område eller tankar om eit prosjekt som kan vere aktuelt? Ta kontakt med Emilie Moi Eikje, emilie.moi.eikje@vindafjord.kommune.no, tlf 93216339



INNOVASJON NORGE

For Vindafjord sin del har kommunen fram til no sendt inn 12 søknader om støtte til Innovasjon Norge for 2021. Her er det 5 søknadar på nybygg/ombygging for mjølk og resten på andre produksjonar.

Det viser seg at søknadsmassen for Rogaland er stor i år og det er alt kome inn meir søknadar enn det er midlar til. Prioriteringane for Innovasjon Norge i Rogaland er fortsatt mellomstore mjølcefjøs men det skal også vera mogeleg for andre å få støtte. Ved generasjonsskifte (under 35 år) er det mogeleg å få støtte til sau, ammeku og slaktedyr med meir.

Kommunen veit lite korleis det vil slå ut med støtte til dei som har søkt men vonar flest mogeleg vil få eit svar som gir grunnlag for å gå i gang med omsøkte prosjekt.

Det er fortsatt mogeleg å söke men sjansen for å nå opp og få tilskot for 2021 blir stadig mindre.

For dei som ser for seg å söke om støtte til neste år vil kommunen oppmøde om at dei startar tidleg og har klar søknad og får den inn til kommunen i oktober/november 2021. Kommunen kan då gjea ferdig si sakshandsaming og ha søknader klar for innsending til Innovasjon Norge med ein gong dei opnar for innsending.

Kontaktperson Harald Olav Stuhaug

SMIL

SMIL har mindre midlar enn før og førsteprioritet for støtte er forureiningstiltak i landbruket. Under denne gruppa kjem renseparkar og til dels erosjonsførebyggande tiltak.

Vedlikehald av reinseparkar kan få tilskot på kroner 12 000,-

Eit anna viktig tiltak er støtte til tak på utvendige gjødsellager. Her er det mogeleg å gi støtte på opp til kroner 100 000,- (maks 35% av kostnad).

Det er fortsatt også opning for tiltak innan tilrettelegging for friluftsliv og i spesielle tilfeller også til «verneverdige» kulturmiljø/bygningar.

«PIGGFRIE GARDSBRUK 2021»

-fjerning av gamal piggtråd er eit satsingsområde dette året

Grunnlaget for prosjektet er dyrevelferdslova frå 01.01.2010.

Det er opna for å gi støtte gjennom SMIL-ordninga til fjerning av gamal piggtråd. Dette gjeld der ein vil bytte ut gamal piggtråd med piggfri gjerdetråd men også

der ein ynskjer å fjerne gamle piggtråd gjelder som ikkje er i bruk.

Det skal nyttast vanleg SMIL-søknad gjennom Altinn også for denne ordninga. Her er det viktig å kartfeste dei aktuelle områda som skal fjernast/endrast, det kan godt vera med bilete som dokumenterer behovet. I tillegg må det leggjast fram eit kostnadsoverslag for arbeidet. Som kommune har vi fått nokre retningsliner for kva kostnader vi kan godta men her må vi vurdere kvar enkelt søknad. Det skal som alltid søkjast før arbeidet startar for å kunne få støtte.



Foto: Statsforvaltaren i Rogaland

DRENERING

For drenering har vi dei siste åra ikkje klart å nyta den delen som er tildelt Vindafjord. Her er det berre å söke om støtte for dei som ser for seg grøfting framover. Det er viktig å vera i forkant med søknaden. Det står klart i regelverket vi må følgje at det skal vera søkt før ei startar grøftearbeidet.

Både SMIL og Drenering har digitale søknadsskjema i Altinn.

Kontaktperson Harald Olav Stuhaug

Sjøørretprosjektet i Vindafjord

(av Sven-Kato Ege, vannområdekoordinator Haugaland vannområde)

Bakgrunn

Vindafjord kommune, i samarbeid med Haugaland vannområde og Vindafjord Jakt- og Fiskerlag, tok i 2019 initiativ til å habitatkartlegge utvalgte sjøørretvassdrag. Man antok at én eller flere påvirkninger i disse vassdragene virket begrensende på produksjon av sjøørret og laks.

I løpet av sommeren og høsten 2020 ble 16 vassdrag (totalt 47 km) i hele kommunen kartlagt. Lengde på anadrom strekning (strekning hvor laks og sjøørret vandrer fra sjø til naturlig vandringshinder) varierte fra 500 meter i Vikeelva

(Vikebygd) til 9,1 km i Oselva med sidebekker (Ølen).

Hva fant man

Utreddinger og forbygninger i bekke- og elveløp var totalt sett de mest omfattende inngrepene. Utredding har flere steder ført til at vassdragene har blitt kortere, mens forbygninger skaper et mer monoton livsmiljø for fisk.

Fjerning av kantvegetasjon, gjennom hogst og nedbeiting, var det nest mest utbredte inngrepet. Kantvegetasjon er avgjørende langs små bekker og elver. Den sørger for mat, skjul og skygge for artene som lever der. I tillegg binder den jord, og hindrer avrenning av næringspartikler og lignende til vassdrag. Kantvegetasjon er også en «motorvei» for landlevende arter.

Det ble registrert totalt 107 bekkelukkinger. Noen av bekkelukkingene er problematiske, fordi de kan være vandringshindre og ikke egnet som leveområder for fisk, mens andre bekkelukkinger i liten grad påvirker fisk. Halvparten av vassdragene er også påvirket av endret vannføring, primært knyttet til vannkraftproduksjon. Sammenlignet med andre områder på Haugalandet, og eller i Rogaland, er det færre inngrep og påvirkninger i vassdragene i Vindafjord.

Det understøttes av at kvaliteten på leveområdene til sjøørret og laks generelt sett er gode. Det viser også igjen på tetheten av fisk.

Utgangspunktet for det videre arbeidet er dermed godt.

Hva skjer fremover

Basert på flaskehalsene for ungfiskproduksjon, er det listet opp til sammen 57 tiltak i de 16 undersøkte vassdragene. Eksempler på tiltak er; gytegrusutlegg, steinutlegg, fjerne vandringshindre, rive forbygninger, plante kantvegetasjon etc. Kommunen håper å gå i gang med noen av tiltakene allerede i 2021, og ønsker en god og åpen dialog med grunneiere om eventuelle tiltak. Det bør legge til at samme type kartlegging har blitt gjort i Vikedalsvassdraget og i Skjoldafjorden. Man ønsker også å følge opp disse

vassdragene i en eventuell tiltaksgjennomføring.

Sjøørretprosjektet er en del av vannforskriftsarbeidet, hvor hovedformålet er at vassdragene våre skal oppnå god økologisk tilstand. Det betyr at vi skal kunne benytte vannet til ulike aktiviteter uten å være bekymret for om det er forurenset samt ta vare på artene som lever i og nær vassdrag. FN har utpekt 2021-2030 til naturestaureringens tiår. Prosjektet er i så måte et bidrag til å forbedre og restaurere leveområder for blant annet sjøørret og laks.

Presentasjon av rapport på Teams

Presentasjon av rapport (vassdrag for vassdrag) fra Rådgivende Biologer AS er tenkt gjennomført via Teams **10. mars, kl. 19.00-21.00**. Er du interessert i å få mer informasjon om ditt vassdrag og ønsker å få med deg presentasjonen, send din e-postadresse til Sven-Kato Ege (Haugaland vannområde) på enten e-postadresse: sven-kato.ege@haugesund.kommune.no eller mobnr. 476 75 739. Da blir du invitert til presentasjonen.

Du kan lese hele rapporten

«*Habitatkartlegging og forslag til tiltak for sjøørret i vassdrag i Vindafjord kommune*» [her. <https://www.radvivebiologer.no/rapporter/ar-2021/habitatkartlegging-og-forslag-til-tiltak-for-sjoorret-i-vassdrag-i-vindafjord-kommune/>](https://www.radvivebiologer.no/rapporter/ar-2021/habitatkartlegging-og-forslag-til-tiltak-for-sjoorret-i-vassdrag-i-vindafjord-kommune/)

FELLINGSRESULTAT – jakta 2020:

Etter reduksjon av minstearaelet for hjort våren 2019 vart det tildelt 1038 fellingsløyve for hjort til jakta 2019. Av desse vart det felt 865 hjort (83,3%). I 2020 vart det tildelt 1133 løyve for hjort. Av desse vart 960 hjort felte (84,7%). 55% av dei felte dyra var hodyr. Tal felte dyr i 2018 var 726, og 681 i 2017.

Det vart felt 125 rådyr i 2020, mot 114 i 2019, 111 i 2018, 128 i 2017 og 141 i 2016. Det meste som er felt av rådyr i Vindafjord er 187 dyr i 2009.

SØKNADSFRISTAR jakta 2021 :

Godkjenning av nye vald og bestandsplanområde, endring av vald, fråvik frå minstearaealet, godkjenning av bestandsplanar: **1. mai**

REVEJAKT 2020

Frå lokallaga har kommunen fått melding om til saman 127 felte revar i 2020. Åra før vart det felt 123 revar i 2019, 107 i 2018, 102 i 2017 og 63 i 2016. Jakttida for rev er 15.07.- 15.04.

SETT HJORT 2020

Stadig fleire vel å registrere observerte og felte dyr og slaktevekter med settogskutt-appen. Opplysningane vert då tilgjengelege på www.hjorteviltregisteret.no så snart dei er godkjende av valdleiar eller kommunen. Frå før er data tilgjengelege frå 2008. Takk til alle som har levert data! Det er ikkje for seint å leve, om du har nokre skjema du har gløymt å sende. Data frå papirskjema blir lagt inn i løpet av våren. Sett hjort-dataa vert nytta i forvaltninga.

VÅTELJING 2021

Våteljing av hjort på innmark har vore gjennomført sidan 1999. Det vert tald hjort langs faste ruter som er like frå år til år, på 6 bestemte datoar og til bestemt tid på døgeret. Våteljinga gir eit bilet på den relative bestandsstorleiken om våren og kan seie noko om bestandsutviklinga over tid. I 2021 vert det teljing følgjande datoar: 18.03., 25.03., 08.04., 15.04., 22.04. og 06.05. Kommunen takkar alle som bidrar med tida si til dette!



AKTIVITET I SKOGBRUKET 2020

I 2020 er det innmeldt i virkesdatabasen (VSOP) avverking av **17695m³** sagtømmer og massevirke til ein verdi av **kr. 5,9 mill.**. Av dette var 16487m³ (93%) gran, 1134m³ (6,4%) furu og 74m³ (0,6%) lauv. Det vart og innmeldt 1015m³ vedvirke/energivirke til flis og sal av 4695 juletre. Gjennom året vart det planta etter hogst på 336 dekar. I tillegg vart det supplert på 153 dekar. Det vart utført ungskogpleie på 28 dekar.

SKOGPLANTING 2021

Det vert stadig meir vanleg at plantearbeidet vert utført av profesjonelle aktørar, som tar seg av både plantebestilling og plantearbeidet. Ofte vert avtale om planting inngått i samband med avtalen om hogst.

Dersom du har hatt bartrehogst **vinteren 2020 eller før**, og ikkje har gjort avtale om planting, må du vere snar til å bestille. Ta kontakt med entreprenør eller kommunen så snart som råd. Dersom du tenker å plante sjølv, ta gjerne kontakt med kommunen om val av proveniens. Vi har og noko planteutstyr til utlån.

Hugs at hogstflaten må vere sett i ny produksjon innan 3 år etter hogst.

UNGSKOGPLEIE

Når ny forynging er etablert på ei hogstflate, er det viktig å halde kontroll på konkurrerande vegetasjon. Planter som vert ståande for lenge under lauvkrott eller annan vegetasjon, vil begynne å sture, ev. få skadar på toppskot/greiner eller i verste fall døy. **Produksjonstapet i den tida dei står undertrykte vil aldri takast igjen og tida fram til trea vert hogstmodne vert forlenga.** Det er derfor svært viktig å følge opp plantefelta med ungskogpleie i rett tid. Det er eit stort etterslep på ungskogpleie i kommunen.

Statsforvaltaren arrangerer kveldswebinar om ungskogpleie 4. mars. Påmelding og info finn de på:

<https://www.statsforvalteren.no/Rogaland/Kurs-og-konferansar/2021/03/webinar-for-skogeigarar-ungskogpleie--kvifor-og-korleis/>

Det har tidlegare vore webinar om bruk av skogfond og smart planting. Informasjon om dette og mykje anna nyttig finn de på <https://www.statsforvalteren.no/Rogaland/Landbruk-og-mat/Skogbruk/>

TILSKOT TIL SKOGKULTUR

Det er gode tilskotsordningar for investering i ny skog, t.d. planting, supplering og ungskogpleie. I tillegg til tilskotet kan du bruke skogfondet ditt til investeringa og få skattefritak på 85% av beløpet du bruker. Ta kontakt med kommunen for meir info eller les meir på <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/skoogbruk/>

GARDSKART –

Ditt gardskart finn du på:

gardskart.nibio.no, vel «kart» og deretter «gardskart – til tjenesten». Her skriv du inn kommune, gards- og bruksnr. for å få fram gardskart over eigedom som du disponerer. Dersom du disponerer fleire eigedommar, kan du legge til fleire eigedommar og få desse på same kart ved å trykkje på Legg til-knappen som du finn i verktøylinja over kartet. Areala av dei inntekna teigane som er i bruk, er grunnlaget for kva som kan søkjast om i produksjons-tilskot i jordbruket (oktober - omgangen). Det er difor viktig at du får oppdatert gardskart dersom det er endringar, slik at karta er rett til ei kvar tid. Dersom det er endringar eller spørsmål angåande arealet, så ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf. 53 65 61 38

Nytt i gardskart frå 2021:

Legg til fil

Under Legg til-knappen, som har fått nytt design , er det nå mogleg å lasta opp fil i formata kml, gpx og GeoJSON. Dette betyr at du kan leggje inn GPS sporing direkte i gardskart.

Logg inn

Det er nå mogleg å logge inn via IDporten. Profilen din kan administreras via Min side, kor det også er mogleg å slette brukar og tilhøyrande data.

Lagre tegning

Når du er logga inn kan du lagre teikningar og henta desse fram seinare. Teikningar som er lagra er synlege under «Mine lagrede elementer». I ei seinare versjon av Gårdskart vil desse teikningane også kunne redigerast.

NB: Gardskart støtter ikkje lenger Internet Explorer.

Søknadsfristar gjennom året

Viktige søknadsfristar:

10. januar - Frist for etterregistrering av avløysarutgift og dyr sanka frå utmarksbeite (frå innlevert søknad del 2 året før).
01. mars - Teljedato – Produksjonstilskot – Del 1
15. mars - Søknadsfrist Produksjonstilskot i jordbruket - Del 1
29. mars - Siste frist for eventuell endring av opplysningar i innlevert søknad om produksjonstilskot pr. 1.mars - Del 1
10. august- Siste frist å spreie gjødsel, for dei som nyttar stripespreiar og ynskjer å søkje miljøvennlig gjødselspreiing, RMP 15.okt.
31. august - Teljedato Regionalt miljøtilskot. - vilkår for tilskot må være oppfylt (miljøvennlig spreiing, vedlikehald av turstiar m.m.)
01. oktober - Teljedato – Produksjonstilskot – Del 2
15. oktober - Søknadsfrist Produksjon- og avløysartilskot i jordbruket med registreringsdato 1. oktober - Del 2
15. oktober - Søknadsfrist Regionalt miljøtilskot. (Bratt areal, miljøvennlig spreiing, vedlikehald av turstiar m.m.)
29. oktober - Siste frist for eventuell endring av opplysningar i innlevert søknad pr. 1. oktober om produksjonstilskot - Del 2
31. oktober - Frist for å søke erstatning ved produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon.
01. november - Frist for erstatning for tap av husdyr til freda rovvit.
15. november - Søknadsfrist organisert beitebruk

Statsforvaltaren har laga ein fin kalender med bilete frå landbruket i Rogaland, der desse datoane ligg inne. Den finn du på nettsida: <https://www.statsforvalteren.no/Rogaland/Landbruk-og-mat/Landbruksforvaltning/digital-og-fysisk-landbrukskalender/>

Aktuelle møter og webinar

Webinar 4. mars kl. 19-20.30 Ungskogpleie – kvifor og korleis

Arrangør: Statsforvaltaren i Rogaland

Målgruppe: Skogeigarar og andre med interesse for skogbruk

Påmelding innan 03.mars 2021 på heimesida til statsforvaltaren, under kurs og konferansar.

Hendinga er gratis. Link med tilgang til arrangementet vert sendt til dei påmeldte dagen i forvegen.

Webinar på Teams torsdag 11.mars kl 12-13:30
Om å nytte heile potensialet på garden

Påmelding innan 09.mars 2021 på heimesida til statsforvaltaren, under kurs og konferansar.

<https://www.statsforvalteren.no/Rogaland/Kurs-og-konferansar/2021/03/om-a--nytte-heile-potensialet-pa-garden/>

Tips: Du kan følje møtet på både datamaskin eller smartphone og treng ikkje å ha installert Teams.

Webinar på Teams 15. mars 2021 09:00 - 12:15

Digital landbrukskonferanse – Alle vil ha matjorda, men til kva?

Arrangør: Statsforvaltaren i Rogaland, Rogaland bondelag, Rogaland fylkeskommune, NHO, LO, Landbruksråd Rogaland, KS, og Rogaland landbruksselskap

Målgruppe: Politikarar og alle som arbeider med eller for landbruksnæringa.

Påmelding innan 10. mars og meir informasjon på heimesida til statsforvaltaren, under kurs og konferansar.

Stad: Digital direktesending og livestreaming av debatt frå Stavanger Aftenblad

webinar 15. mars kl. 10:00 - 11:30

om Bioenergi - lokalt skogsvirke som oppvarmingskjelde på garden

Påmelding og meir informasjon på heimesida til statsforvaltaren, under kurs og konferansar.

https://www.statsforvalteren.no/vestland/kurs-og-konferansar/2021/03/Webinar_bioenergi/

Webinar 18. mars kl. 19:00 - 20.30

Praktisk bruk av skogbruksplanen på din eigedom

Arrangør: Statsforvaltaren i Rogaland

<https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/Landbruk-og-mat/Skogbruk/eig-du-skog-fa-ein-fagleg-boost-om-forvalting-av-skogressursen/>

Påmelding og meir detaljert program vil koma på nettsida til Statsforvaltaren i

Rogaland og facebooksida Statsforvaltaren og bonden i Rogaland 14 dager før webinaret.

Webinaret er gratis og blir helde på Teams. Me sender ut link til påmeldte nokon dagar i forkant.

Vel møtt til ei fagleg vitamininnsprøyting i vintermånedane!

Eining Areal- og forvaltning:

Namn	Hovedoppgåver
	Erle Mæland Aasheim Tlf. 53 65 61 20 e-post: erle.maeland.aasheim@vindafjord.kommune.no
	Signe Theilmann Jensen Tlf. 53 65 61 32 e-post: signe.theilmann.jensen@vindafjord.kommune.no
	Harald Olav Stuhaug Tlf. 53 65 61 37 / 99 23 61 14 e-post: harald.olav.stuhaug@vindafjord.kommune.no
	Sissel Lilleland Tlf. 53 65 61 30 e-post: sissel.lilleland@vindafjord.kommune.no
	Alf Ole Bull-Tornøe Tlf. 53 65 61 22 e-post: alf.bull@vindafjord.kommune.no
	Anne Karin Langeland Tlf. 53 65 61 38 e-post: anne.karin.langeland@vindafjord.kommune.no
	Gitte P. Halvorsen Tlf. 53 65 61 29 e-post: gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no

Utgjevar: Landbrukskontoret Redaktør: Sissel Lilleland Kommunen si heimeside: <u>www.vindafjord.kommune.no</u> Tlf. 53 65 65 65		VINDAFJORD KOMMUNE Eining Areal- og forvaltning Østbøvegen 2 5585 SANDEID
--	---	--